



Kari Bråtun er ei allsidig idrettsjente. Her er ho på veg mot mål på 100-meteren under meisterskapen i fjor på Husnes. (Foto: Ola Matti Mathisen)

22. september skal Uskedal idrettslag arrangera Kvinnheradmeisterskap i friidrett for jenter og gutar mellom 10 og 19 år og det skjer på Heio.

Meisterskapen har dei siste åra gått på Husnes, men bana der er i år omgjort til anleggsområde og difor overtar UIL dette året. Det er over 25 år sidan laget sist arrangerte denne meisterskapen.

Idrettslaget ynskjer at dei i bygda som har rett alder og som lyst til å vera med skal få høve til dette. Det vert difor høve til å komma på trening for alle som går frå 5. til 10. klasse, opplysar Jostein Saghaug.

Her er treningstidene:

Laurdag 07.09 klokka 15

Torsdag 12.09 klokka 19

Laurdag 14.09 klokka 15

Måndag 16.09 klokka 19